

I. Alminnelege reglar

§ 1. Formål

Forskrifta sitt formål er å regulere opningstider for serverings-, sals- og skjenkestader i Haram kommune.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld for sals- og skjenkestadar i Haram kommune, samt serveringsstadar kor det serverast mat og drikke og der forholda ligg til rette for fortæring på staden. Som serveringsstad reknast restaurant, kafé, konditori, gatekjøkken, pub, kiosk og bensinstasjoner som sel gatekjøkkenmat.

Forskrifta gjeld ikkje for søknader om enkeltanledningar etter alkoholloven § 4-5.

§ 3. Dispensasjon

Kommunestyret eller den som har fullmakt til det kan i særlege tilfelle gje dispensasjon frå reglane i denne forskrifta.

Dispensasjon for døgnopning kan gjevast for bensinstasjoner og andre serveringsstader utan alkoholskjening når utvida opningstid verken medfører støy eller på annan måte er til vesentleg ulempe for andre.

§ 4. Saksbehandling

Søknader om sals- og skjenkebevillingar behandlast etter gjeldande lovverk og bevillingsreglement for sals- og skjenkebevillingar for Haram kommune. Søknader om serveringsbevilling behandlast administrativt etter reglane i serveringsloven.

II. Serveringsstader

§ 5. Opningstider for serveringsstader

Serveringsstader som nemnt i § 2 utan skjenkebevilling, skal som hovudregel maksimalt ha same opningstid som skjenkestader.

III. Salsstader

§ 6. Salstid for alkoholhaldig drikk i gruppe 1

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 kan skje frå kl. 08.00–20.00 på kvardagar og dagen før Kristi himmelfartsdag.

Sal og utlevering av alkoholholdig drikk i gruppe 1 kan skje frå kl. 08.00–18.00 på dagar før sön- og heilagdagar. På påske-, pinse-, jul- og nyttårsaftan frå kl. 08.00–15.00.

Sal og utlevering av alkoholholdig drikk i gruppe 1 skal ikkje skje på sön- og heilagdagar.

Salet av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 må registrerast i salsstaden si kasse før salstida er slutt.

IV. Skjenkestader

§ 7. *Opningstider for skjenkestader*

Skjenkestader kan halde ope frå kl. 06.00 til kl. 03.00 alle dagar.

§ 8. *Skjenketider*

Skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 kan skje frå kl. 06.00 til kl. 02.00 alle dagar.

Skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 3 kan skje frå kl. 13.00 til kl. 02.00 alle dagar.

Skjenking både inne og ute skal opphøye seinast en halvtime før vedtatt eller staden si eiga praktiserte opningstid. Skjenking av alkoholhaldig drikk kan likevel ikkje skje etter fastsett skjenketid.

V. *Ikraftsetjing*

§ 9. *Ikraftsetjing*

Forskrifta trer i kraft frå xx.xx.20xx

Samtidig vert forskrift 27. august 2021 nr. 1803 om opningstider for serveringsstader og sals- og skjenketider for alkoholhaldig drikk, Ålesund kommune, Møre og Romsdal oppheva,